

VARHAUGBUEN

1,1 Dysjaland

HE DU
8 min?

AKSJONSVEKA VBU
SIDE 20 - 21

TURLØYPER OPPGRADERES
SIDE 13

SVALA 4H
SIDE 23

UNGDOMSKLUBBANE
SIDE 32 - 33



HAUSTAKKEFEST I KYRKJA
SIDE 4 - 5



Sjur Håland

TERNINGKAST SEKS FRÅ LAURITZ HAARR

Den store omveltinga i mitt pur unge liv kom då eg fekk kjærast frå Vigrestad. Anne heitte ho, og var dotter til Anna og Bjarne på Voll. Ho var 18 og hadde fri tilgang på familiens slagskip, ein lys blå Peugeot 404 stasjonsvogn.

Eg var 17 og køyrde av biologiske årsaker ikkje bil.

Så då Anne var på Varhaug og henta meg med den pansra stridsvogna for å ta meg med på eit større og obligatorisk arrangement på Vigrestad Misjonshus, vart det som ein jomfrutur i høve til mitt møte med kristenfolket i denne bygda.

Og for eit møte det vart. Misjonshuset var fullstappa med folk og alvor og høgtid. Her var dei fleste framande for meg. Maria og Jens, Haldis og Sigbjørn. Agnes og Jakob. Oli og Ottar, Liv og Trygve og alle dei andre frå min foreldregenerasjon sat på geledd. Det lukta friskt av permanente frisyrrar og flyktige odørar frå alkoholhaldig etterbarberingsvatn.

Me gjekk blygt nedover midtgangen for å finna oss ein høveleg plass langt bak. Eg kjende blikka prikka under det tynne skinnnet mitt, der eg gjekk nedover catwalken på Vigrestad Meieri, som på mirakuløst vis hadde blitt omgjort til Vigrestad si åndelege storstove.

På ytste enden av eine stolrekka, dresskledd med blankpussa svarte sko, sat ein av dei store legendene i Vigrestad-bygda. Han visste eg godt om frå før. Han stod i klokkebåsen i Varhaug kyrkje kvar søndag og song føre på salmar med minst 16 vers av Brorson, Landstad og Blix.

Blant alt eg er takksam for å ha opplevd. Blant alle eg har møtt og blitt meir eller mindre kjent med, kjem dette namnet høgt på lista.

Me kunne skrive bøker om Laurits Haarr (1910-1997). Eit forunderleg eventyr av ein mann. Erkejærbu. Mjuk og stri. Meisla ut av Pontoppidan og jordfaste steinar. Herda og slipt av hardt arbeid i den havsalte lufta på Hårr. Lauritz var misjonsmann og bonde. Klokkar og bedemann - og heilt sikkert mykje anna.

Me kan seia mykje om denne mannen.

Men ein ting me ikkje kan seia om Laurits Haarr er at han var særleg diskret.

Då me prøvde å smyga oss forbi Lauritz, greip han lynkjapt fast i jakkekanten til Anne med eine kraftige bondeneven sin. Han hadde nok høyrte at minstejenta på Voll hadde fått seg kjærast.

«Er det dette som er din», spurte Lauritz Anne, med buldrande røyst. Han høyrdest mest ut som eit toreskrell over Aniksdalsheia.

«Ja», svarte ho, med ikkje fullt så buldrande stemme.

Lauritz tviholdt i den semska skinnjakka til Anne, kikka opp på meg med ei vurderande mine, tenkte seg nøye om og sa:

«An va fine!»

Så slapp han taket i jakka.

Slik stempla eg inn på Vigrestad.

Med terningkast seks frå sjølve Lauritz Haarr.

SpareBank
SR-BANK 
Sammen får vi ting til å skje.



KOM DEG OPP, MANN!

Lite er så velsigna godt for ein travel hanefar som ein dryg høneblund på sofaen. Særleg godt er det etter at du har kome heim frå arbeid og opp dagar at kona og ungane er ute eit lite ærend.

Vår mann her har lange dagar med tungt fysisk arbeid. Ikkje så rart då, at han såg sitt snitt til å sporenstreks flate ut på dei silkemjuke putene så snart han hadde sparka av seg verneskoa og hengt verktøybeltet på plass på sekstoms-spikaren på veggen i bakgangen.

Det er inga overdriving om eg formidlar at straks musklane til arbeidskaren slappa av, fall han i tung svevn. Så er det slik, også i dette huset, at hushaldet består av fleire enn berre ein nær medvitslaus arbeidskar på sofaen. Kona, som også er i løna arbeid, har minst like strevsame dagar som mannen. I tillegg har dei ein flokk med ungar som krev sitt og litt til.

Kona har stålkontroll, slik koner gjerne har. Frå der ho var stasjonert saman med dei små denne ettermiddagen, visste ho at mannen låg på sofaen,

og rekna seg fram til kva tid han hadde kvilt lenge nok. No ville ho vekkja den sovande bjørnen og få han i arbeid med både matlaging og anna presserande husarbeid.

Det mest opplagte verktøyet er mobiltelefonen. Når denne byrjar å dura og vibrera på salongbordet, plar det ikkje gå mange sekunder før mannen byrjar å lea på augeloka og ho får svar. Denne dagen var mannen alt anna enn lett på tråden. Han let seg ikkje vekkja til live per telefon.

Det er i slike høve det er godt med fleire trådlause alternativ. Med eit enkelt sveip over telefonen vekte ho den ikkje akkurat diskrete robotstøvsugaren, som også var stasjonert i kvile- og lade modus i stova.

Dermed var det definitivt slutt på husfreden for husbond.

Sjur Håland - teksten har vore på trykk i Bondevennen

DET TRIMMES

Det kan eg definitivt konstatere etter å ha frekventert eit nærliggande treningssenter i eit par månadar. Her myldrar det til tider av fine folk. I alle aldrar og former. Fleirtalet er i den livsfasen der dei - i alle fall etter mine visuelle vurderingar - ikkje ser ut til å ha behov for trening i det heile.

Eg har eit arbeid der kravet til å lea meg er noko avgrensa. Å berre gyngje svakt i den blå kontorstolen kjennest godt og meningsfylt. Men den fjørlette øvinga gir antakeleg litt for lite mosjon for eit svakt aldrande karosseri. Då høvde det særst godt at vårt eminente treningssenter lokka med ei nyvinning som blir kalla for e-gym. Det betyr at du får eit tilpassa, datastyrt program og i løpet av to til tre økter i veka peisar på gjennom ei løype med ni ulike treningsapparat. Tungt nok for bleik kontormuskulatur, kan eg lova deg.

Motstanden apparaturen gir, blir sterkare etter kvart som muskellmassen aukar. Så nokre kvileskjer der i garden, kan eg nok sjå langt etter.

Men motivasjonen er framleis like sterk. Eg har planar om å bli yngre. For då eg skulle kalibrerast for å starta treninga fekk eg opp til dels sensitiv og på grensa til ufin informasjon på treningsappen. Her vart det konstatert at min biologiske alder var 68 år.

Men. Nå, etter nokre få veker, er eg nede i 65 år. Fødselsattesten synar at eg er 62. Eg held det ikkje for usannsynleg at eg møter min eigen alder ei gong før kalkunen og sitronbrusen skal på bordet nyttårsaftan.

Det kan godt henda eg har funne sjølv ungdomskjelda. Om dette held fram, må eg i løpet av eit par år byrja å smugrøykja, gå i slengbukser og ta bilsertifikatet på nytt.

Sjur Håland - teksten har vore på trykk i Bondevennen



HAUSTTAKKEFEST I KYRKJA

Tekst: Turid Boganes

Foto: Siri Aarsland, Kathrine Håland Varhaug og Turid Boganes

Sundag 20. oktober feira me hausttakkefest i Varhaug kyrkje, og for ein fest det blei! Kyrkja var flott pynta av Varhaug bygdekvinnelag med mat som me haustar av jorda. Poteter, blomkål, squash, persille, kålrot, paprika og mykje anna gode frukter og grønnsaker. Nokre av barna som går i Gloria og B-tweens bar inn frukt og grønnsaker i prosesjon. I same prosesjon bar foreldre inn fire små barn for å verta døypt.

Silo&Saft, som kvelden før hadde hatt stor jubileumskonert i Varhaughallen, song om både aenslått og rundballane langs 44 før preika. Det kunne jo ikkje passa betre. Mange av bygdefolket driv gard og kjenner godt til kor hardt arbeid som kan liggja

bak både slåttonn og rundballerpressing. Hausttakkefesten er jo ein festdag for å markera at årets avlingar er i hus, og i gudstenesta takkar me og Gud for at me nok ein gong kan hausta av markens grøde.

Barna frå Gloria og B-tweens deltok og som forsangere i gudstenesta, og dei var med på dramastykket om den miskunnsame samaritanen. Etter gudstenesta vart det servert kyrkjekaffi inne i kyrkja, og før ein gjekk heim stod ein fin gjeng av frivillege barn og unge og delte ut «goodiebags» til alle som hadde vore på gudstenesta.

Som kyrkje er me så takknemlige for alle som bidreg med smått og stort. Og me er så glade når me kan fylla kyrkja med folk i alle aldrar og oppleve at me står saman midt i livet, og at gudstenestane kan vera med å gje oss alle ein himmel over livet.





FRÅ REDAKSJONEN

Tenk at me alt er langt ut i november. Denne hausten har vore utruleg varm og fin, og me har hatt lite vind. Og det har synt igjen på trea. Me er ikkje vande med - her på Jæren- å ha så fine haustfargar.

BU og 4H har begge fått vist seg fram i det siste. Flott av BU å setja psykisk helse på kartet, og plakatane dei sette opp, synte godt igjen.

4H har hatt den årlege haustfesten, og denne gongen med imponerande 8 plakettvinnarar! Godt gjort av Olav, som var einaste guten, å halda ut med alle jentene. Lukke til vidare alle åtte!

Som eg gjorde i fjor i det siste nummeret før jul, vil eg her få takka for alle gode bidrag gjennom året. Det vert ikkje blad, utan at alle er med og dreg lasset. Varhaugbuen ynskjer alle ei fin jul og eit godt nytt år.





TUR-RETUR ASKØY - KRISTIANSAND

Sikkert mange av dykk som har lest i avisa om denne opplevinga. Nå har eg hatt høve til å treffa mannen som var ver-fast i Madland, og som har eit spesielt og ganske skjeldent namn Fromreide. Men førenamnet er meir vanleg og enkelt; Arild. Møtet skjedde på Kvassheim, men eg må litt tilbake i tid, for å få med alt.

Og starten på det heile er kreft, som Arild vart sjuk av. Han gjekk gjennom tøff behandling, som han var ferdig med for tre og eit halvt år sidan. Arild har etter den tid vore frisk, men det var ikkje bare-bare å verta frisk. Han sat igjen med ei skuldkjensle over å ha kome seg gjennom kreftsjukdommen, mens det er så mange andre vaksne, og ikkje minst ungar, som ikkje klarer seg.

Han vart inspirert av ein episode i 71 grader nord, der dei rodde, og tenkte; dette vil eg gjera!

Så i fjor starta det, då han rodde Stockholm/Drammen via Oslo. Og pengane han samla inn gjennom den turen, gjekk til Barnekreftforeninga. Arild ynskte å auksjonera bort båten sin etter turen, men fekk så liten pris at det slo han berre frå seg. Men då han like etter fekk veta at

TV-aksjonen 2024 skulle gå til Barnekreftforeninga, slo det ned i han; Eg har jo båt, så difor kan eg ta ein ny ro-tur! Og det vart å ro frå Askøy til Kristiansand.

Eg hadde jo lurt på denne årstida han tok ut på, men her fekk eg forklaringa; han skulle gjera det samstundes med TV-aksjonen. Arild oppretta ein Spleis, der alt som kom inn, skulle gå til TV-aksjonen.

1. oktober starta han frå Askøy, på ein tur han hadde planlagt skulle ta to veker til Kristiansand, og to veker heim igjen.

Polfarar Bjørn Staib sa det slik ein gong turen hans mislukkast: «Teori og pakkis er to forskjellige ting». Nå var det ikkje pakkis Arild møtte, men ein ganske rufsen Jærkyst. Og då var ikkje Madland hamn den verste staden han vart liggande ver-fast i. Her er det mange som har sin daglege tur til hamna, så Arild vart kjent med mange frå lokalmiljøet. Dei hadde i tillegg til god drøs, med seg mat og anna. Og Arild har fått prøvd både pannekakene og farså til Skretting.

Han hadde i grunnen nokre fine dagar i hamna, mens han venta på at veret skulle bli betre. Han vart imponert over kor mykje folk som ferdast der, og ikkje minst kor mange det var som bada og bruka saunaen. Mange meinte han kunne sova innomhus i hamna men nei, Arild gjorde som før: Rigga opp hengekøya i gapahuken, og der sov han godt i bruset frå havet.

Så løya veret, og han tok til på neste etappe. Men sjøen var høg, så det var slett ikkje ro-ver. Han måtte derfor ta inn til Kvasstheim hamn. Men veret vart ikkje betre, snarare tvert imot, så Arild tenkte; skal eg koma til Kristiansand, må eg nok berre ta vegen fatt.

Han hadde funne ei sykkeltralle på Finn, hadde vorte kjent med nokre som var på overnatting på Kvasstheim, og dei køyrde han til Sandnes der han fekk henta denne tralla.

Då han var tilbake i Kvasstheim, kom han i drøs med Svein og Brit Jane Varhaug. Svein såg på tralla, og fann ut at den måtte forsterkast litt i botnen, før han kunne dra vidare.

Så var Arild og tralla klar for turen vidare til Kristiansand, både på 44 og 141, noko på asfalt og noko på grus. Arild snakkar varmt om den fine turen på den gamle traseen Hellvik-Egersund, men der var og nokre tunge bakkar å dra vogna oppover på.

Han tykte det var godt å koma til Egersund, for der opna symjehallen tidleg, så då passa det å få ein dusj. Ikkje for mykje slik luksus undervegs, men det går godt an ei tid berre med våtserviettar, seier Arild.

Turen vidare gjekk utan noko uhell, Han sov i hengekøya der det passa, elles var det telt. Eg spurde om han hadde vore på hotell då han kom til Kristiansand, men nei, han hadde sove i hengekøya.

Så vart det tog tilbake til Vigrestad. Båten låg jo i hamna på Kvasstheim, og der hadde han fått gode venner i Svein og Brit Jane. Og det var der eg fekk ein drøs med han. Han hadde og ein kompis i Time, som han skulle møte før han drog vidare.

Planen var at han skulle dra frå Kvasstheim 2. november, for då var ver-meldinga ikkje så verst. Det er 200 km heim til Askøy, og han reknar med å ro 40 km kvar dag. Så om ei lita veke, får eg håpa, er han heima igjen hos gutane sine på 5 og 9 år.

Eg lurde på kva klede han hadde på seg under roinga. Han fortalde det var ei lett overlevingsdrakt, utvikla for fiskeindustrien. Her var det ein naudknapp i redningsvesten, som Arild måtte aktivera om uhellet skulle vera ute. Elles kunne dei heime, og andre «reisa» med han på turen via satellitt.

Varhaugbuen takker for drøset. Gildt å treffa denne tøffingen på 43 år. Bladet skal ikkje i trykken før 22. november, så det kan henda det kjem litt meir. LIV

Denne meldingen kom 13. november:

«Hei Liv. Eg kom heim natt til i går. Eg fortøyde båten ca kl.0300 på natta, etter ei lang økt Frå Bekkjarvik til Fromreide, nesten 60 km ble det som avslutning. Det var godt å komme hjem til de to guttene mine nå»



Jærmester
BYGGER MED KOMPETANSE
www.jermester.no

MAU
MURERFIRMAET
AANESTAD & UELAND
Totalleverandør av bad og våtrom

BLI MEDLEM

- Gratis kroppsanalyse når du melder deg inn for 12 måneder (18 år's aldersgrense).
- Tilbud om Pulsen start time.
- God kompensasjon innen trening og kosthold.
- Spesiell ansatte og tilgang til å trene akkurat når det passer for deg!
- Bliett utvalg av varierte gruppetimer og godt utstyrt sentor for egen trening.
- Åpent 167 med øksholere.
- Funktionell fitness (Crossfit).

Pulsen FUNCTIONAL FITNESS
@varhaugpulsen_H

Pulsen VARHAUGS
@varhaugpulsen_trainingcenter

HÅ SKULESJAKK

Skulesjakken er fortsatt på Bø skule på Nærbø på torsdagar frå 1730-1845. Siste dag før jul vert 12. desember, og oppstart i 2025 vert 9. januar.

Denne hausten har det vært bare nokre få gutar med. Ein av dem har deltatt på fleire turneringar i regi av Rogaland skulesjakkutvalg, mellom anna KM i sjakk for barn og ungdom 26. oktober der det vart ein god 11. plass i nybegynnerklassen.. I alt 130 gutar og jenter deltok i KM der det var ein egen klasse for sjåførane til ungane.

Håmesterskapet 2025 er planlagt 5. april

Om det skjer noko i sjakk i Rogaland, kan du sjå på heimesida til Rogaland sjakk, <https://www.rogsjakk.rogaland-sjakk.org>

Elles kan du sjå på facebook sida til klubben, <https://www.facebook.com/hasjakk/>

Sjå om du klarer løyse sjakkoppgåvene under her:

Sjakkoppgaver



SJAKK FOR VAKSNE

Jæren sjakkklubb held til på Bryne VGS og spelar på onsdagar. Vi spelar i personal-kantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1800 til bortimot 2200.

Me har hatt ei gruppe med opplæring. Ein 6-8 gutar med foreldre har fått undervisning av noen av klubbens gode, yngre spelarar. Klubben har hatt bra framme dette året. No pågår ein langsjakktturnering over 5 kveldar. Der vart resultatet innrapportert til FIDE for ratingberegning. Også ein hurtigsjakktturnering over to kveldar og ein lynsjakktturnering før jul vert ratet.

Første helga i januar vert Vestlandsmesterskapen Sør arrangert i Sandnes, Og Jæren sjakkklubb kan ha to lagt i førstedivisjon etter gode resultat på de to forrige Vestlandsmesterskapa. Men har vi spelarar nok? Velkommen til Bryne.

Årskontingent er kr 750 for voksen over 20 år, kr 350 for juniorer og 150 for skolesjakkspelarar opp til 14 år. Då vert ein medlem i Jæren sjakkklubb og Norges Sjakkforbund og kan delta i sjakkturneringar overalt.

Norges Sjakkforbund og Ungdommens sjakkforbund planlegg sammenslåing. Dette vil verte diskutert på ein ekstraordinær kongress 10. november.

Velkommen til klubben. Klubben har egen internettside: <https://www.Jaerensjakk.no>

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakkklubb». (sjå <https://www.facebook.com/jaerensk/>)

Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79



Rilling av spaltebelys. Graving og drenering. Senking av kjeller. Utnedling av fjøs.
Egil Håland 416 99 617 www.Toppaland.no toppaland@gmail.com



NYTT FRÅ MISJONSHUSET

No er byggearbeidet godt i gang, noko som er tydeleg i siste nummer av misjonshusbladet. Tanken er nå at minglerommet vert opna og benytta under jelemessene dette året. Misjonssambandet si messe er 15-16. november medan Misjonsselskapet si er uka etterpå, 22-23. november.

Det er bibellesing kalla «Rik bibel» annankvar tirsdag i matsalen. Her les vi saman eit kapittel og snakkar sammen om det me les.

«Vi over 60» er som vanleg første og tredje onsdagen i månaden, og dei har julemiddag søndag 15. desember.

«Vi syng jula inn» er fast innslag før jul, og dato vert 15. desember.

For tenåringar er FRES staden, det er annankvar fredag. Mens for småungar er «Humblebølet» ein god plass på tirsdagar.

6. desember er det samling uten damer, Normisjon inviterer til «Herrekveld» der det vert god middag, andakt og drøps karer imellom!

Og elles er det bibeltimar og møter.

Sjå elles program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

I byggeperioden er kontoret midlertidig flytta til rom over hovudinngang, men kontaktttelefon er den same.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er berre 1 time.

Hugs at ein kan tinga rom ved bruk av internett:

https://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid



Få 5 vask til prisen av 3

Gjelder på utvalgte stasjoner med Tiger Wash. Verdikupongene er kun gyldig med kvittering, stempel og signatur fra betjeningen. Gyldig 1 år fra kjøpsdato.

PLATINUM
5 for 3
FÅ 5 VASK TIL PRISEN AV 3

Esso

**Varhaug
Servicenter A/S**
Tlf. 51 43 02 33 • 4360 VARHAUG

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED



LITT OM DEN GAMLE VARHAUG KYRKJA VED HAVET

Eit litografi frå 1837 skal visa korleis den gamle Varhaug kyrkja ved havet såg ut i 1837. P. F. Wergmann i Christiania stod for litografiet, og sjølv om han kan henda har pynta litt på teikninga, er dette eit interessant tidsbilete.

Det er nemnd ein prest på Varhaug i tida 1276-1305, så kyrkjestaden er eldgamal og det har vore fleire kyrkjer der kapellet nå står (sjå gjerne heftet « Haa, Nærbø - Varkhaug 1837-1937» som vart utgitt av kommunane i 1939). Kyrkja ved havet vart ombygd eller nybygd i 1617 eller 1627 og var i svært dårleg stand då ho vart reven i 1828. Nykyrkja vart 17,6 m lang og 11 m brei (Sjå boka til Sjur Håland: Kyrkjegarden ved havat, Ueland Histoiske Forlag, 2013). Det er denne kyrkja som litografiet viser. Kyrkja vert reven og seld på auksjon i 1905.

Prestane som kom hit til Jæren klaga ofte på regn og uvær. Likare var det ikkje med Wergmann, han syntest ikkje så mykje om Jæderen, men Havet liver han oppp. Wergmann ga ut fleire Hefte som kvart inneheldt «4 Prospector med vedföiet Text». Om Varhoug Kirke paa Jæderen, skriv han:

«Jæderen er den sydligste Kystegn i det vestenfjeldske Norge, og adskiller sig saa væsentlig saavel fra de østligere som vestligere Kystegne i Norge, at vi nogle Øieblikke ville opholde os ved Skiildringen heraf. Her er ikke, som i diste, den ved Fjorde og Sunde sønderstykkede og splittende Kyst, som mod Havsiden beskjærmes af Øerog Home, mellom hvilke Kystfarten trygt og beqvemt gaaer for sig; og hvis Bugter og Vige afgive trygge Skibshavne, samt lette Kommunikationen med det Indre. Den 5 til 6 Mile lange, lave og sandige Kyst danner et for den Søfarende farlig Forland, hvorfra et Rev af Sand og Steen stikker ¼ Miil ud i Søen og paa flere Steder er Sanden saa løs at den som Flyvesand anretter Ødeleggelser. Omtrent en Tredjedel af Jæderen udmerker sig ogsaa ved sit næsten fra alle de andre egne i Norge forskjellige Udseende. Den begynner ved Ougne Elven i Syd, gaaer Nord til Tungenæs og bestaar mest af jævne dog noget bølgende Flader. Paa et Sted kan man fra en meget ubetydelig Ophøining see 7 Kirker. Overalt er denne Strækning nøgen og skovløs og for en stor Deel opfyldt med vidløftige Myrer og lynglyngbegroede med hyppige

XII. Varhaug Kirke paa Jæderen.

Jæderen er den sydligste Kystegn i det vestensjælske Norge, og adskiller sig saa væsentlig saavel fra de østligere som vestligere Kystegne i Norge, at vi nogle Dieblitte ville opholde os ved Skildringen heraf. Her er ikke, som i disse, den ved Fjorde og Sunde sønderstykkede og splittende Kyst, som mod Havsiden beklæmmes af Der og Holme, mellem hvilke Kystfarten trygt og beqvemt gaaer for sig; og hvis Bugter og Bage afgive trygge Skibshavne, samt lette Communicationen med det Indre. Den 5 til 6 Mile lange, lave og sandige Kyst danner et for den Søfarende farligt Forland, hvorfra et Rev af Sand og Steen stikker $\frac{1}{4}$ Mil ud i Søen og paa flere Steder er Sanden saa løs at den som Flyvesand anretter Udelæggelser. Omtrent en Trediedeel af Jæderen udmærker sig ogsaa ved sit næsten fra alle andre Egne i Norge forskjellige Udseende. Den begynder ved Dugne Elven i Syd, gaaer Nord til Tungenæs og bestaaer mest af jævne dog noget følgende Flader. Paa et Sted kan man fra en meget ubetydelig Ophøjning see 7 Kirker. Overalt er denne Strækning nogen og flodløs og for en stor Deel opfyldt med vidløftige Myrer og lymbegroede med hyppige Stene bedækkede Moer og Bakker, der give Egnen et høist eensformigt og sørgeligt Udseende, hvilket med mere forøges ved de sædvanligen sletbyggede Bøndergaarde. I det Hele er neppe nogen Egn i Landet saa fattig paa smukke Situationer som Jæderen. Vort Prospect fremstiller Varhaug Kirke; Veien gaaer her ned til Stranden, hvor den ofte ved Flod overskylles, saa at man kjører i Vandet; paa enkelte Steder er dette imidlertid temmelig farligt, da Heste og Kjøretøi synken ned i den løse Sand. Prospectet er som de fleste fra Jæderen; Intet opliver det uden Havet; men hvilken Egn kan det ikke oplive, naar det paa en klar Sommerdag blankt og reent speiler Himlen i sit Skjød?

Stene bedækkede Moer og Bakker, der giver Egnen et høist eensformigt og sørgeligt Udseende, hvilket med mere forøges ved de sædvanligen sletbyggede Bøndergaarde. I det Hele er neppe nogen Egn i Landet saa fattig paa smukke Situationer som Jæderen.

Vort Prospect fremstiller Varhaug Kirke; veien gaar her ned til stranden, hvor den ofte ved Flod overskylles, saa at man kjører i Vandet; paa enkelte Steder er dette imidlertid temmelig farligt, da Heste og Kjøretøi synken ned i den løse Sand. Prospectet er som de fleste fra Jæderen; Intet opliver det uden Havet; men hvilken Egn kan det ikke oplive, naar det paa en klar Sommerdag og reent speiler Himlen i sit Skjød»

Det var slik byfolka austpå opplevde Jædere, langt fram mot midten av 1900-talet. Men det gir ei heilt anna oppmuntring å lesa Arne Garborg si innleiing til Fred i 1892: «Utanfor, i vest, bryt havet på mot ei sju miler lang låg sandstrand. Det er sjølve havet. Nordhavet breitt og fritt, ukløyvt og utøymt, endelaust.». Og det Alexsander Kielland skreiv om Havet i boka Garman og Worse i 1880, er også lettare lesing: «Utanfor, i vest, bryt havet på mot ei sju miler lang låg sandstrand. Det er sjølve havet. Nordhavet breitt og fritt, ukløyvt og utøymt, endelaust».

Ove Tobias Gudmestad, oktober 2024.

Merknad: Hå Hå Bygdemuseum har dei ein svartkvit kopi av litografiet av Varhaug Kirke. Teksten har eg ikkje sett gjengitt i andre skriv.



VARHAUG
hud & fotterapi

HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut

Stasjonsveien, 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69



JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 26 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no

**SERVICE • DELER
• REPRASJONER**



ABRØR

Sørskogvegen 8, 4364 Sirevåg

Tlf 48 50 97 80
post@abror.no



FLOKKEN SUNDAGSSKULE

Velkommen til Flokken søndagsskule i Varhaug kyrkje. Her kan alle kome og vera med på kjekke samlingar i kyrkjestova under gudstenesta søndagar kl. 11.00.

På samlingane høyrer me forteljingar frå Bibelen, syng i lag og har gilde aktivitetar.

Datoane ut 2024 er :

01. desember
08. desember
15. desember
25. desember

KOM OG BLI MED

Kathrine Håland Varhaug
-Kyrkjelydspedagog i Varhaug sokn-



VARHAUG SFO

For nokre år sidan høyrde eg ofte at SFO berre var ein opphaldsplass for barn, det stemmer ikkje heilt. SFO er ein nøkkel til å forma trygge, sjølvstendige og sosiale kompetente individ. På Varhaug skal me dette skuleåret ha mykje fokus på å gjera dette gjennom leiken.

Leiken er eit sentralt element i barn sosiale utvikling og læring. Leiken er ikkje berre eit friminutt, men ein viktig del av kvardagen der barn utviklar både kognitive, sosiale og emosjonelle ferdigheiter.

No skal leiken bli sett i fokus hos oss på Varhaug SFO. Elevane skal få høve til og utforska, skapa og samarbeida på ein fri og naturleg måte. Gjennom leiken håpar me elevane lærer å ta initiativ, løysa konflikhtar, og forstå egne og andre kjenslene sine. Me håpar dette blir erfaring for elevane som kan gå eit solid fundament for vidare læring og utvikling.

Leiken fungerer ofte som ein spegel der barn kan spegla seg i andre og forstå sin eigen rolla i ei gruppe. Gjennom felles leikar lærer dei seg å ta omsyn til andre, utvikla empati og byggja vennskap, me på Varhaug SFO skal leggja til rette for at elevane

skal kunna delta i ulike type leikar, både frie og organiserte. Dette håpar me skal kunna gjera at alle kan finna rom for det dei interesserer seg for og noko som også styrkjer inkludering og fellesskap

Eit viktig aspekt ved leik er tryggleik. På Varhaug SFO skal elevane kjenna seg trygge nok til å utforska og utfordra seg sjølve, utan frykt for å mislykkast. Personalet skal vera der for å støtta og rettleia, men også for å observera for og forstå elevens til kvar enkelte behov. Me vil bidra til at kvar enkelt elev utviklar seg i sitt eige tempo, på ein måte som kjennes naturleg og gledeleg.

Så sjølv om leiken kan høyrast sjølvstøtt ut, er det ein av dei viktigaste delane av barns utvikling som me må verna om og styrkja ytterlegare. Nyleg var me på inspirerende foredrag «Ja me skal leika - også i SFO» med Birgitte Fjørtoft. Dette gav oss både nye perspektiv og påminning om kor viktig det er å integrera leiken i alt me gjer. På Varhaug SFO skal me få leiken inn i alle aktivitetane våre, frå SFO-kokk til formingsaktivitetar og prosjekt. Så skal me aldri gløyma den frie leiken, som er den viktigaste læringsarenaen for barn. I den frie leiken får barn utvikla fantasien din, testa ut roller, og byggja vennskapar på ein naturleg måte.

No gler me oss til eit år fylt med leik og læring på Varhaug SFO

Ole Morten Hobberstad

OPPGADERER TURLØYPER



Lionsklubben i Hå fortset å oppgradere turløypene i Hå. Denne gong er det to sorpehol rett før du kjem til «Steinkjerringa» som skal få bru av tre. I tillegg håpar me å få til ein litt betre sti over det litle vatnet inn mot «Steinkjerringa» kor det er lagt steinar som er lause osv.

Har allereie kjøpt inn material og onsdag 30. oktober begynte me å bæra opp material som skal brukast. Me fekk lov til å køyra opp markavegen frå Aniksdal og då vart det ca ein kilometer som me måtte gå til fots. Me utstyrte oss med store ryggsekkar og det vart nokre kilo av blaute trinn. Så var det berre å gå og gå. Me gjekk med tunge sekkar oppover og tom sekk nedover. Åtte turar opp og ned denne dagen med seks mann, så det vart mange kilo.

Me fortsetter sannsynlegvis neste veke slik at me vert ferdige i løpet av veke 45.

Torodd Varhaug



LIONS I HÅ ER OG I ÅR MED PÅ Å HJELPA FOLK FØR JUL

Lions Club er ein humanitær serviceorganisasjon, som har 1,4 millionar medlemmer overalt i verda. I Hå er det rundt 45 medlemmer i alder 40 til 90 år. Dei samlar inn pengar blant anna ved sal av julenek før jul og tulipaner i april. Dei deler ut pengar lokalt, nasjonalt og til og med internasjonalt

Saman med Hjerter for Hå, vil Lions i Hå og i 2024, slik dei og gjorde i fjor, hjelpe vanskeligstilte familiar, med noko god mat til jul.

Tor Harald Nordvik i Lions Hå, seier dei ynskjer nye - både medlemmar og støttemedlemmar-. Og kan dette vera av interesse; er det berre å ta kontakt med han!

Liv

PENSJONISTFORENINGEN - VARHAUG PENSJONISTLAG

Tirsdag 29. oktober 2024 - i eit fullsett Sosialt rom på «Iden» - venta spente pensjonistar på «gamlepresten» Gaute Øgreid Rasmussen, som skulle halda føredrag for oss denne kvelden. Og han kom, og vart ynskt hjarteleg velkommen av leiar Bjørg Merethe Reiestad.

Vårt faste husorkester - Agnes og Sølvi Elin - og alle frammøtte elles vart og ynskte velkommen, før alle stemde i og song «La oss leve for hverandre» og «Et bedre liv».

Deretter fekk Gaute Øgreid Rasmussen - pensjonert etter 27 års teneste som prest i Varhaug sokn - ordet.

Han fortalde og synte bilete frå Bangladesh, der han har vore fleire turar.

Fyrste gongen han reiste var 29. desember 1979. Då tok han, kona og eldste dottera, som då var 1 år, fly frå Sola saman med eit anna par som hadde eit barn på tre år. Reisa vart ikkje heilt slik dei hadde tenkt. Litt «problem/utfordringar» vart det. Starten frå Sola gjekk bra med 1. stopp og bleieskift i København. Der skifta dei over til eit stort fly og via Aten og Karatshi enda dei opp i Calcutta. Neste dag 31.12.1979 skulle dei vidare men, det vart litt «om og men» før dei kom seg avgarde. Dei var fem personar som trong seter men det var berre fire seter ledige. Det vart «ordna» og dei kom seg i lufta att med endestasjonen som neste stopp.

Då dei landa på flyplassen i Dhaka var det veldig mykje folk - over alt, endåtil på taket av ankomsthallen, og dei tenkte; er det oss dei skal taka imot? Men, det var nok ikkje det. Det var sportsentusiaster som jubla over crickettspelarar som kom heim. Men Gaute og «gjengen» fekk ein varm velkomst dei og. I 9 - 10 tida om kvelden kom Karen frå «Podlest» og tok dei med og køyrde avgarde i ein jeep til gjestehuset/språkhuset der dei skulle bu.

Så - 1. januar 1980 byrja liva deira i Bangladesh og allereie måndagen skulle dei på språkskule. Dette synte seg å vera heller vanskeleg. For det fyrste hadde dei ikkje slike bokstavar me er vane med og dei måtte øva på mange «rare» lydar, med tunga opp i ganen og luft ut or nasen blandt anna. Men det gjekk seg til - etter 5 månadar kunne dei snakka litt.



Bangladesh har 180 millionar innbyggjarar i dag, er flatt og utan stein av noko slag. (Noko for jærbuen som i alle tider har kava med stein). Landet er veldig fruktbart - dei dyrkar hovudsakeleg ris men og litt te og kan hausta opptil 3 gonger i året. Men det er den våtaste staden på denne jord. 11 m regn på 1/2 år, og i extreme år opptil 16 m på 1/2 år. Resten av halvåret regnar det ikkje i det heile.

Hovedfolket, Bengalarar snakkar språket, men og minoritetsgrupper elles, slik at 250 millionar har dette som morsmål.

Gaute fortalde frå tida der - både på godt og vondt og det var gildt og spanande å høyre på. Både han og kona Solvor har vore attende ved fleire høver og vorte storleg og varmt motekne kvar gong. Dei ynskjer å hjelpa folk, hovudsakeleg innan skule, helse og kyrkje.

Folket er veldig fattige, og pengar kan misbrukast, så dei fattigaste enkene vert hjelpte ved at dei får utdelt ris til familiane sine. Det er 40 menigheter der og Varhaug menighet har Kalinji menigheter som vennskapsmenigheter.

Etter føredrag og lysbilete takka Bjørg Merethe føredragshaldaren for det han hadde delt med oss og så var det tid for litt mat og kaffi/te. Men fyrst song me bordverset.

Drøset gjekk godt slik det alltid pleier å gjera og etterkvart vart det både meir musikk og song.

Då alle som ville hadde fått kjøpt årer, som gjekk føre seg i matøkta, var det trekning og fine planter med meir fekk nye heimar.

Bjørg Merethe hadde litt orientering og ynskte så til sist alle vel heim før me avslutta nok ein gild kveld med å syngja «Kveld på Jæren».

Gjertrud Edith Hobberstad

Å SPØDA (STRIKKA)

I august 2003 var eg i byen (Stavanger) for mammografi. Eg gjekk innom ein handarbeidsbutikk og kjøpte garn til eit babyteppe sidan det første «grandtantebarnet» her på Varhaug var ventande i oktober. På arbeid dagen etter fortalde eg om planane mine. Konklusjonen der var samstemt: -det vert du aldri ferdig med til oktober. Dei visst jo at eg var ei elendig spødadame. Men eg sjølv var optimist og sette i gang med eit teppe i rillestrikk. Veldig enkelt. Og då guten vart født den 24. oktober var eg nesten ferdig. Ja, dagen etter at dei kom heim frå sjukehuset var eg på plass med eit ferdig teppe.

Sidan den tid har det kome mange små i familien, og dei fleste har fått teppe då dei var nyfødte. Eg har avansert til mønster som er ganske fine. Men berre med ein farge. Nokre store teppe har det og blitt etter kvart. Det er så enkelt når eg slepp å forhalde meg til fleire fargar og kompliserte mønster med auking og felling og mykje dill og dall som eg ikkje forstår meg på. Eg har og strikka fleire skjerf. Innimellom har vore inne på tanken om å spøda meg ein vest, men det har blitt med tanken.

Til min 75 årsdag fekk eg ein nydeleg genser av ei kusine som var reine strikkelmaskinen. Ho trylla fram dei finaste jakker og genserar og meir til. Fleire kusiner er flinke med spøtene. Og det har etter kvart blitt fleire «tantebarn» som også er flinke. Sjølv held eg meg til tepper sjølv om eg ikkje veit om nokon i familien som ventar små. Kan jo vera greitt å ha eit lite lager. For om ikkje alt for lenge kjem det ein generasjon til som kanskje får ungar.

Nok om det. For nokre dagar sidan var eg på kyrkjelydsfest med basar. Der vant eg ein pose med fire nøste og ei oppskrift på panneband med mønster i to fargar. Ikkje nok med det at det er to fargar, så skal det brukast dobbel tråd på begge fargane. Huttetu, to trådar på kvar farge. Koss skal eg halda styr på det? Det første eg måtte gjere var å gå ned og kjøpa meg ein ny rundpinne nr. 4, og 40 cm lang. For det hadde eg ikkje i mitt rutl heima. Å spøda 3 cm glattstrikk i bunnfarge var enkelt. Men så kjem problemet med å halda styr på alle trådane.

For det første har eg eit svare strev med å finna tråden inne i nøsta. For eg har lært at eg skal dra ut tråden inne i botn. Men det endar med at eg dreg ut ein heile drult me tråd for å finna enden. Reine kaoset. Så er eg i gang. Ein maske kvit og ein svart, to kvite og to svarte. Litt ut i andre omgang med mønster oppdagar eg ein feil i første omgang. Så vert det å putla seg attende og rette opp feilen. Med andre ord- attende til start. Dette kjem til å ta tid med den farten som eg brukar. Om pannebandet vert ferdig, og om det vil passa til hovudet mitt, ja, det vert spennande å sjå. Ein ting er i alle fall sikkert. Eg vert aldri noko skikkeleg spødakone.

Ha ein fin vinter med eller utan spød.

Brit

Desse laga står bak Varhaugbuen:

VARHAUGBUEN

Varhaug bondelag,
Varhaug bygdeungdomslag,
Varhaug bygdekvennelag,
Svala 4H,
Varhaug Misjonshus,
Varhaug Bedriftsforening,
DNT Edru Livsstil,
Vennelaget for
Lerbrekk Skule,
Elgane Motorsykkel klubb,
Varhaug Pensjonistlag
og Vennelaget for
Lennsmannsløa

Styre :

Leiar:

Glenn Skretting - bedriftforeninga

Sekretær

Per Arvid Jakobsen - Misjonshuset

Kasserar

Brit Obrestad - Lerbrekk skule

Styremedlem

Live Skretting -

Bygdeungdomslaget

Gro Ånestad Bratland -

Bygdekvennelaget

1. vara

Ingvar Reiestad - Lerbrekk skule

2. vara

Anne Mette Tunheim -

Vennelaget for Lennsmannsløa





NY STUBBE SYKKELVEG PÅ DYSJALAND

Dei som kjenner meg veit at eg elsker å sykla. Og dei som ikkje kjenne meg lure nok på kva slags merkeleg, «litt gamal» dame som er ute og renne på sykkel rundt om i distriktet. Når eg har vore ein tur nordover og er på veg heim er det herleg å svinga av 44 ved Vigrekrossen og ta gjennom Kviamarka. Der er det så fredeleg. Ingen bilar som susar i eitt slik som på

riksvegen. I haust har det vore ein del aktivitet på Dysjaland. Etter kvart har eg skjønna at dei la om litt på vegen der for oss syklistar. Og nå sist søndag (27/10) var det fiks ferdig og asfaltert. Nå treng me ikkje lengre å sykla rett opp i låvebrua til Arve. Me har fått ein skikkeleg fin stubbe sykkelveg der. Heilt topp. TAKK!

Brit Obrestad

En alliansebank i **eika**.



Vi sponser, støtter og heier

Gode lokalsamfunn trenger idrettslag, idrettshaller, korps, bondekvinner, ungdomsklubber, bedehus og andre miljøbyggere.

Jæren Sparebank heier på frivilligheten.

Telefon 915 03 290
www.jaerensparebank.no



HÅ MÅLLAGS NYNORSKPRIS TIL HELGE TORVUND



- Eg veit ikkje om ein kan seie «poet» på jærsk, men eg tykkjer ikkje eg kan ikkje kalle Helge Torvund for noko anna enn poet. Dette sa Jon Arne Silgjerd då han opna møtet der Helge Torvund fekk Hå mållags nynorskpris for 2024.

Det var godt oppmøte då Helge Torvund tysdag 5. november tok imot nynorskprisen på Nærbø folkebibliotek.

Møtet opna med at Tom Hetland heldt ei innleiing om Helge Torvund si dikting.

- Helge Torvund er noko så sjeldan som ein folkekjær diktar. Han vert sett pris på både av «vanlege folk» og av kultureliten, sa Hetland. Han trekte trådane tilbake til 70-talet og vise- og lyrikkfestivalane som då vart arrangerte på Bryne. Etter ein oppvekst der diktinga stort sett var noko privat, innad i familien, var det kanskje gjennom lyrikk- og visebølga at Helge Torvund kunne gå inn i si tid, sa Hetland.

Helge Torvund blandar det nye med det gamle, heldt Hetland fram. - Han blandar twitter og haiku. Han blandar høgt og lågt. Og Helge Torvund er jorda. Det han seier, er ikkje ord utan meining. Helge skriv om kvardagen. Men det er ein himmel der òg; Det er tross alt alpehue han går med, ikkje felleskjøpet-caps.

Hetland trekte òg fram den menneskelege varmen i det Helge Torvund skriv. - Ein får trua på livet av å lese Helge Torvund, sa Hetland.

Etter Hetland si innleiing las Torvund sjølv frå bøkene «Liljevilje», «Løyndomsfuglar» og «Jærkshire», før han avslutta med diktet «Handa» frå si siste diktsamling, «Opnar døra i språket og går ut».

Kvelden vart avslutta med at Jarle Obrestad spelte songar frå platene «Jæricana» og «Ude eller inne?», med tekstar av Helge Torvund.

Hå mållags nynorskpris er på 5000 kroner. Det er andre året prisen vert delt ut. I fjor gjekk den til Nærbørevyen og Nærbø musikkorps.

Inger S.H.



VARHAUG KFUK-KFUM SPEIDERE

Vi er en god gjeng med gutter og jenter som samles annen hver onsdag kl:19.00-20.30.

Speideren er fra 5. klasse og oppover. Vi er alltid ute uansett vær. Stort sett på vikta på Ånestad. Der har vi en gapahuk til å gå under om det trengs.

På speideren gjør vi mye kjekt, vi går på kjekke dags-turer, lager god og spennende mat på bål, lærer om naturen, knytter knuter og reiser på overnatnings turer. Hver kveld begynner vi med en andakt og avslutter med speiderbønnen.

Vi reiser og på speiderleirer. Det er hvert 2. år. Kretsleir og landsleir annen hver gang. Da samles det fra noen hundre til flere 1000 speidere!

I sommer var en gjeng på kretsleir i Bjerkreim sammen med flere hundre andre speidere fra hele Rogaland, og noen helt fra Frankrike!

Da sover vi en uke i telt, bygger inngangsportal og benker med bord. Og lager middag på primuser. Det var speider marked, haik, kiosk og leirbål. Under speider markedet samler speiderne inn penger til gode formål med mange kreative aktiviteter. Der vant Varhaug med mest innsamlede aktivitet, og en litt brudd speiderleder måtte opp på scenen for å mota premie.

Vi hadde og Gudstjeneste i Bjerkreim kirke som ble helt stapp full med speidere i speiderskjorte og skjerf.

Det var en kjekk leir, med nye venner, gamle kjente, god mat, litt våte klær og litt småskader og noen besøk på saniteten. Men mange gode minner!

Om det er noen som ønsker å bli med i speideren, enten som speider eller som leder er det bare å ta kontakt.

Speider helsing André Vagle.



KUNST OG KULT

Tradisjonen tru, så er det siste helg i oktober utstilling med Kunst & Kult. Ni utstillarar var med. Også dette året var det godt besøk, spesielt laurdagen var det mykje folk innom. Vennelaget selde løksuppe og kaffimat. Laurdag vart det heilt tomt for suppe. Sondag var det att litt. Folk som var innom skrytte av suppa og sa at den smaka godt. Dei som hadde utstillinga var godt nøgde med besøket. Nokre selde ein god del, andre mindre. Men berre det at folk kjem innom og ser er kjekt. Mykje fint å sjå. Og med godt trykk av folk så vert det ei eiga stemning. Til tider var det trangt både inne og på parkeringsplassen. Sigbjørn tippa at det var om lag 270 personar innom i løpet av helga.



Nytt frå Lerbrekk

Alle frå Vennelaget som stilte opp med matlaging, enten det var suppe, lappar eller kaker, så fortener dei ein stor takk. Kafésal, oppvask, parkeringsvakt og drøs med gjestene - takk for innsatsen. Ingen ting går av seg sjølv, men med gode folk så ser det nesten ut som det går av seg sjølv, for alle smiler og veit kva dei skal gjera. Det er mykje som skal ryddast og ordnast både før og etter utstillinga. Vaskegjengen gjer og ein fantastisk jobb.

Sigbjørn hadde sett opp musefeller i vedskjulet der Viola Krans hadde si utstilling. Det gjekk fleire i fella, så eg trur det gjekk godt med dekorasjonane denne gongen. Dei som kunne vera ekstra fristande for musgjøymde ho inne i skulehuset om nettene.

Brit



JULATREFEST

Også dette året vert det julatrefest fjerde dag jul, den 28. desember kl. 17.00. Det vert andakt, konkurranser, mat og gang rundt juletreet. Agnes Varhaug blir med og spelar. Meir info på Facebook og Jærbladet når det nærmar seg.

SUNDAGSKAFÉ

Me satsar på sundagskafé også i 2025.

2. februar, 2. mars og 6. april. Oppslag vil kome på Facebook og i Jærbladet under Kva skjer.



AKSJONSVEKA I VARHAUG

I det siste så har VBU våre med på Norges bygdeungdomslag si aksjonsveke. Kvart år arrangerer NUBU et viktig tema. I år har dette vært psykisk helse, med slagordet «la oss snakke om det!» Adle lokallag heter aksjonsnatta. Då reise bygdeungdommen ut på kvelden med skilt, slagord og oppfordringar. Å i år har me gjort akkurat det! 27.oktober natt til 28 oktober var me ute og spredde årets tema.





BYGDEUNGDOMSLAG

Bygdes bygdeungdomslag en aksjonsveke. Dette er ei veke der me skal ha ekstra fokus på et tema som er oppfordra te å ha et arrangement der dette står i fokus. Me har også et konsept som skal bli et treff på årets tema. Psykisk helse æ et kjempeviktig tema som me bør ha mer fokus på.

Og hær blei resultatet:



ME FANN DRAUMEPLASSEN I STAMPHUSET!

Dette seier pensjonert psykiatrisk hjelpepleiar, Ragna Bjelland 75 år, frå Sandnes, etter at ho og mannen kjøpte Stamphuset som ferieplass i 2012. Då hadde dei selt den litle garden dei hadde på Austrått, flytta inn i nytt husvære i Byhagen, Sandnes, og var på jakt etter ei hytte utover Jæren. Ragna som kjem frå Sjeranerøy, ynskte seg noko ved havet, og dei eigedomane var det ikkje flust av. Men så dukka Stamphuset opp, og då var «dei selde».

Nå har familien funne seg godt til rette her etter 12 år, og dei kunne ikkje tenkt seg ein betre plass. Det er balsam for sjela å bu her, seier Ragna. Og dei er i Stamphuset så snart dei får det til. Og dei er mest meir her, enn i Byhagen. Det har og vorte ein tradisjon å feira jula i Stamphuset, og det set resten av familien; 3 vaksne søner på 45, 51, 54 og dei 5 barnebarna særpris på.

I 2003 hadde Ragna trappa litt ned med arbeidet på sjukehuset, men ho heldt fram med å ta nattevakter på psykiatrisk. Me les ofte om at det hender ulukker ute på arbeidsplassane, men ein kjem ikkje på at det skal henda noko alvorleg på eit sjukehus. Men det var nett det som hende. Ragna vart sått ned av ein sjuk pasient, og dette var ganske alvorleg. Ho sleit mykje med hovudverk etterpå, men rekna med at dette ville gje seg etter kvart.

Ragna måtte slutta som vanleg hjelpepleiar, men vart i staden involvert i ymse kurs på sjukehuset.

Etter 10 år med meir eller mindre sterk hovudverk i periodar, vart dette etter kvart så plagsamt, at ho i 2013 vart uføretrygda.

Dette var ei tung tid for Ragna. Ho hadde alltid hatt både stor arbeidsglede og ikkje minst livsglede, som ho nå følte vart teken frå henne.

For 35 år sidan var Ragna ei av 9 damer, som var med i N-B-K. Dette betyr Norsk Budeieklubb, som igjen var 9 veninner som likte å synga saman. I tillegg til songen, laga dei og sketsjar tilpassa «budeiene». N-B-K var mykje rundt i foreningar og lag med programma, og ein gong heilt til Etne. Gildt og tenka tilbake på, seier Ragna, som etter at «fellesskapet» tok slutt, heldt fram litt med sitt eige «Budeie»-program, som handlar om «Rakkel budeie på jakt itte kjærleghedå».

Etter å ha funne att livsglede, og ikkje minst arbeidsglede, i feriehuset i Stamphuset, starta ho opp igjen med å halda foredrag, som ho hadde halde på med i heile Rogaland 10 år tidlegare. Og her brukte Ragna si eiga livserfaring, der mestring vart nytta som terapi. Om alt ser mørkt og tungt ut, går det an å finna noko positivt. Og det er dette Ragna fokuserer på i sine foredrag.

Og med sjøen som sin nye nabo i Stamphuset, får ho senka skuldrene og planlegga nye foredrag; «Påfyll i ein travel kvardag, skjemt og alvor».

Så er det eit eller anna lag som treng eit foredrag om påfyll i kvardagen, er det berre å ta kontakt, seier Ragna. Eg har sjølv vore på fleire av foredraga hennes, og der har eg alltid fått mykje positivt med meg heim. Eg forstod og Ragna slik at ho seier heller ikkje nei til eit program med «Budeia», om det skulle vera ynskjeleg.

LIV



**HERREDSVELA
TRANSPORT**
TLF: 900 75 500
Vi løser det meste innen kranbil
jorgen@herredsvela-transport.no

**HELLA
MASKIN AS**

**Varhaug
Park & Hage**
Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

ÅTTE 18-ÅRINGAR FEKK PLAKETTEN I SVALA 4H



Sondre Risa Aanestad ynskjer ordføraren velkommen og takkar for talen.

Fredag 25. oktober hadde me haustfest i Varhaug-hallen med Svala 4H. Her var det over 200 gjestar, både medlemmar og inviterte frå familie og kommunen. Festen blei leia av styreleiaren i Svala 4H som er Sondre Risa Aanestad.

Målet vårt i Svala 4H er at me skal utvikla aktive og

samfunnsengasjerte ungdommar med ansvarsfølelse og respekt for natur og menneske. Målet finn me igjen i 4H sitt løfte: «Me lover å arbeide mot det mål å bli ein ungdom med klart hovud, varmt hjarte, flinke hender og god helse» (dei fire H-ane). Dette la ordføraren i Hå kommune, Andreas Bjorland, vekt på i opningstalen sin og formidla at det er viktig at barn og unge har noko dei engasjerer seg i, samt viktigheten av at barn og unge kan vere med å bestemme og kan velge oppgåver ut frå deira eigne interesser. Han snakka vidare om å halde på bygdekulturen og fortalde med glimt i auge om dei besøka han har hatt i dei mange barnehagane i kommunen. Dei fleste barna i barnehagane kan forskjell på ein raud, blå og grøn traktor og fortel engasjert kva merke desse er. Det som bekymra han mest, var at barna frå barnehagen midt i Nærbø ikkje kunne denne forskjellen, så der har me ein jobb å gjere, påpeikar han, og publikum ler med.

I SVALA 4H PÅ VARHAUG HAR ÅTTE 18-ÅRINGAR FÅTT PLAKETTEN

Medlemmane i 4H samlar poeng ved å gjennomføre prosjektoppdrag, ta på seg verv og ved å delta på større kurs og arrangement. Kwart medlem kan laga sitt eige løp for dei bestemmer sjølv kva dei vil gjere og kor mange poeng dei vil samla i løpet av eitt år.

4H-arar samlar minst 1000 poeng før deira siste haustfest; året dei blir 18 år. På haustfesten får dei då utdelt plaketten der namn, klubbnamn og årstal står. Dei får også eit vitnemål og ei plakettнал.

UNIKT

I Svala 4H var det heile åtte mottakarar av plaketten i år. I Noreg var det tilsaman 67 mottakarar, og me er utruleg stolte av at åtte av desse er frå Svala 4H på Varhaug. Ordføraren fekk og det ærefulle oppdraget å dele ut plaketten til desse åtte flotte ungdommane. Dette er ein gjeng som har halde saman, vore synlege og vist engasjement i bygda. Dei har hatt mange svært ulike prosjekt, og dette viser at barn og unge med ulike interesser kan stå saman og jobbe mot felles mål. Fleire av dei har vore aktive i styret og nokre fortset i BU, der Live Skretting held fram som leiar i Varhaug BU.

*Ingrid Vaage (sekretær) og
Jane Elin Bjelland (klubbbrådgjevar)*



Frå venstre : Andreas Bjorland, Hannah Aniksdal, Olav Rosland, Live Skretting, Lilly Olava Feed Jakobsen, Signe Fuglestad, Malin Mæland, Aline Bjelland Nord-Varhaug og Tuva Skretting Skeie.

NOSTALGISK KVELD MED MIMRING OG FILM

Den 26. september hadde me invitert Astrid Topdal til Lerbrekk for å visa filmen «Minner frå melkespannas tid». Det var heilt fullt i skulestova og ein fantastisk gilde kveld med mykje mimring. Ho hadde fått med Torlund Ueland og hadde eit koseleg intervju med han. Sjølv var Astrid så begeistra at ho la ut eit flott innlegg på Facebook dagen etter.

Eg har fått lov til å ta det med, så her kjem kva Astrid Topdal skriv:

Vennelaget Lerbrekk skule inviterte til ein nostalgisk kveld med mimring og film i går kveld.

For meg er det ingen selfølge å vise film for fullsatte lokaler etter så lang tid. Eg la meg med varmt hjerte når eg ser koss arrangement og filmen kan bidra til noen gode øyeblikk for dei som vil sjå .

Kaffe, saft og lapper etter filmen, drøs og mimring.

For anledningen hadde eg satt isamen en filmsnutt med 100 år gamle reklamer fra Varhaug meieri som eg hadde funnet i arkivet til Tine som blei vist.

Kulturmilken til Varhaug meieri var superpopulær og fekk gullmedalje for 100 år siden. Dette var nytt

for mangen Varhaug buer. Sjølv liker eg best den siste reklamen som er nevnt.

Torlund Ueland som har rundet 90 år å som he våre med å kjørt melk på Varhaug siden han vart konfirmert var med i gårkveld. Eg inviterte Torlund til å vermed å sjå film på Varhaug tidligere i år å då fortalte han meg ittepa om den gongen han stod skrevs øve melkerampen med eit 50 liter spann å det begynte å leva inni melkerampen han stod på. Ut kom ein mann. Torlund ståkk så han holdt på å mysta melkespannet i håve på an. Kvelden i føreveien hadde det våre dans på Vigrestad å veien heim hadde nok blitt i lengsta laget så då blei det ein kvil i melkerampen. Eg ser de ennå føre meg.

I går var Torlund med å fortalte sjølv til adle frammøtte frå tiå med melkespannkjøring både på det gamla og nya meieriet som kom på midten av 50 talet. Torlund begynte å verme melkebilen då han vart konfirmert å ittekvart fekk han egen ruta. Dei leverte då fyst melkespannå til det gamla meieriet. Spannå måtte bærast heilt inn for hånd å venta til det var deira børt. Børt betyr deira tur til å få tømme spannå i vektå. Torlund fortalte både om gode og vonde minner fra tiå, det var ikkje alltid glansbilde dager. Itte melkespann tiå så begynte Torlund å kjøra møså for meieriet.

Brit Obrestad var med å spelte på trøorgel, flott å høyra på. Alle mann fekk sangbøker og song fleire sanga, så koselig.

Sigbjørn Varhaug hadde med flaska med melk akkurat som dei hadde i gamledager når dei gjekk på skulen. Han fortalte om flaskå som det var om å gjer å setta i vinduet eller med ogen så hu va lunka når det var lunsj.

Eg fikk også snakket om at nogen av Odd Dubland sine nydelige maleri med melkespann og melkeramper som er inspirerte av egne barndomsminner er tatt inn i filmen. Odd kommer fra Varhaug der hans bestefar bureiste der som det er byggefelt i dag. Då var det ikkje hus der. Eit av maleriene hans viser når dei målte opp tomten til garden han bureist. Han har fra tidlig barndom våre interesser i billedkunst. Bildene hans er som fargelagde fotografi å passer fint inn i filmen fra Jæren

Vennelaget hadde flytta ut dei store bordene å satt inn stoler for annledningen å det blei akkurat plass til adle som kom. Med prosjektor og lerret i begge ender i rommet såg adle godt.



Veldig fine tilbakemeldinger itte filmvisning. Det varmer ekstra når det kommer fra dei som har opplevd tiden.

Tenk alt dæ du viste der he eg opplevd sa ei dama.

Litt mer om bakgrunn for reklamene i videoen under:

Varhaug meieri i Hå kommune på Jæren gjorde i mange år god forretning på sitt direkte salg av melk på flasker i Stavanger og Bergen. Det startet med en håndkjerre med glassflasker på torget i Stavanger å økte til alle meieriets 5 biler ble nyttet til melkesalg. Sjå bilde i filmsnutten.

I 1922 gjekk dei igang med produksjon av kulturmilk som fekk eit veldig godt rykte på seg å vant gullmedalje i utstilling.


Dei omsette mjølka ein ikkje kunne yste, med å selge mest mulig til konsum. Datidens meieribestyrer beskrives som en engasjert og driftig type som ifølge journalister hadde faglige dyktighet og innsikt parret med forretningssans.

Det var en lang vei å nøye arbeide for meierierskene som satte Varhaug på kartet med premiemelken.

Meieriet hadde til da vert et reint smørmeieri. Jernbanen var viktig i denne tiden å kver dag blei melken sendt med jernbanen fra Varhaug til Stavanger. Meieriet låg i stasjons-gata.

I årsrapporten til meieriet står det at dette er nok det meieriet i landet som hadde størst forskjell på vinter og sommerlevering av melk. Det blei levert over 6 gonger meir melk på sommeren enn vinteren, nogesom gjorde de utfordrende med produksjonen på meieriet.

Takk til vennelaget som inviterte Minner fra melkespannas tid til å komme til Varhaug.



PULSEN - 15 ÅR

Ja, slik var overskrifta i sist nummer av Varhaugbuen. Dei feira dagen med stor bursdagskake 30. august. Då var og utstyret til den nye investeringa EGYM på plass, og fleire nytta høvet til å testa dette.

Og med dette nye utstyret, heile 9 forskjellige apparat, har det gått som Ronny både håpa og trudde på; mange nye medlemmer. Det er nå snart 200, og Ronny reknar med at det vil koma fleire etter kvart.

Er du ein av dei som er interessert i dette nye EGYM, er det berre å koma innom Pulsen onsdag og torsdag frå kl. 17.00 - 19.00 for meir orientering.

Liv





Velkommen til Julegrantenning på Varhaug

Fredag 29. November
KL. 17:30
ved rådhuset

Det blir gang rundt treet
og nissen kommer på besøk
Sang av Kathrine og Astrid

NY LEDER I VARHAUG IL:

SIGRID LODE-KNUTSEN

Jeg er født og oppvokst på Varhaug - på Skretting. I barndom og ungdomstiden gikk jeg både på håndball, fotball, og ridning. Prøvde meg litt på speedway på Elgane også, det var ikke noe for meg. Jeg valgte både idrettslinjen og folkehøgskole med håndball som hovedfag før jeg prøvde meg som frisørlærling. I 2010 begynte jeg på Åna fengsel og ble utdannet fengselsbetjent i 2013. Etter en del år på Åna, begynte jeg som salg og markedsansvarlig på Nærbø. Nå er jeg ny daglig leder på Varhaug. Det er kjempe stas for meg!

Som person er jeg utadvendt og sosial, som trives i møte med nye mennesker. Jeg er veldig opptatt av andres ve og vel, og legger vekt på å forstå og støtte de rundt meg. Jeg er også svært nysgjerrig og kreativ, og liker å engasjere meg i prosjekter som utfordrer meg til å tenke utenfor boksen. Jeg trives i miljøer hvor jeg kan lære noe nytt, og variasjon gir meg energi. Jeg verdsetter høyt og liker å jobbe med andre for å oppnå felles mål. Det å prestere gir meg stor tilfredsstillelse, og jeg har alltid mål og ambisjoner både i arbeidslivet og privat. Jeg forsøker alltid å være til stede i øyeblikket og finner glede i det som skjer rundt meg. For meg er det viktig å balansere ambisjon med å sette pris på de små øyeblikkene i hverdagen.

Jeg er lidenskapelig opptatt av å bidra til fellesskapet, og som sosial person trives jeg med å skape gode relasjoner. Varhaug IL spiller en viktig rolle i lokalsamfunnet, og jeg ønsker å være med på å fremme både trivsel og fysisk aktivitet.

Jeg motiveres av muligheten til å bidra med nye ideer og utvikle idrettslagets tilbud. Stillingen som daglig leder i Varhaug IL representerer en unik mulighet for meg til å vokse både som leder og som person.



HALLBASAREN

Kom på Hallbasaren søndag 1. desember 2024. I år blir det salg av årer på selve festen, der det blir trekning for de som er på Hallbasaren.

Dette tror vi kan gjøre Hallbasaren kjekkere å være med på. Det vil også bli oppvisning fra turn, idrettsskolen og zumba. Det blir salg av lodd i bygda torsdag 14. november 2024.

Det blir salg av lodd på Extra og Spar fredag 29. november og lørdag 30. november 2024.

Hovedstyret ønsker å endre hvordan vi gjør utlodningen.

Vi setter en sluttdato for salg av hallbasarlodd, og trekker på forhånd. Premiene blir delt ut på Hallbasaren.



LAPPETEPPE



Lappeteppe besøkte Lensmannsløa 20. september - det ble en flott kveld med solnedgang gjennom vinduene og nydelig musikk. Den jærsk poeten Tobias Skretting skildrer med sine frodige tekster livet og hjemstedet på Jæren på en lys og inderlig måte. I Lappeteppe ble de tonesatt av Torstein Obrestad. Besetning: Anita Bekkeheien - sang, Tobias Skretting - tekst, Torstein Obrestad - sang og tangenter, Gunnar Tønnesen - sang og gitar, Trond Gudmestad - trommer og gitar, Oddvar Berentsen - bass og sang.

BOBLELUNSJ

For en dag det var på lørdag. 100 glade damer møtte opp i Lensmannsløa for Boblelunsj:) Åsbjørn Ueland snakket om bobler og vi fikk prøve 3 ulike bobler fra Tyskland, England og Frankrike. Etter smaking fikk vi store og nydelige ost/spekefat på trefat laget av Kolbjørn Vik og med oster fra Ystepikene. Siri snakket litt om de gode ostene vi fikk prøve. Fix it hadde fremvising av nye klær. Etter programmet var ferdig var det fortsatt god stemning blant damene:) En veldig stor takk til riggere, servitører, ryddere, matlagere og kjøkkenryddere:) Dette hadde ikke vært mulig uten dere!! Vi gleder oss allerede til neste gang!



FÅ JULESTEMNING I LENSMANNSLØA :) DØRENE ÅPNER KL 19.00

Jæren Gospelkor ble etablert i 2010. Vi øver onsdager i Nærbø kirke. Koret består av 75 medlemmer, har eget band og blir dirigert av Cecilie Fremstad. Repertoaret vårt er veldig bredt og når derfor ut til et variert publikum. I tillegg til årlige tradisjonskonserter som sommer- og julekonsert, er koret mye ute og synger på oppdrag som julebord, bursdager, jubileum, messer mm. Flere år har vi hatt konserter i Spania og vi har også hatt samarbeidskonserter med store nasjonale og internasjonale artister. Det er mulig å kjøpe billetter på [Linticket.no](https://www.linticket.no)

NÅ SKAL ME FÅ LYS I STASJONEN T


Det har helst vore «nogen skrøbelige greie», det julelyset me har hatt i sentrum dei siste åra. Sidan kommunen ikkje såg ut til å vilja å lysa opp i stasjonen, søkte bedriftsforeninga Sparebanken Vest om midle. Og dei var ganske rause, så nå vert det LYS! Det er berre å gleda seg.

Ungdomslaget tok på seg jobben med å få lysa på plass i tre og anna, og dei gjorde ein kjempejobb denne kalde laurdags ettermiddagen. Men dei fleste var godt kledde i varmedress. Så etter jobben var det inn i slaktarkafeen, der Reidar hadde ordna med farse , som takk for dugnadsarbeidet. Gildt med samarbeid!

Då eg var innom, såg alle ut til å vera vel nøgde både med maten, og jobben dei hadde gjort.

Liv





HUNDELORTEN I SENTRUM

Veit ikkje kor mange gonger eg har skrive om dette i bladet. Dei fleste hundeigarane er flinke, og ryddar opp etter seg. Men diverre er det ein del som «gløymer» posen. Og når hundane skit i hytt og ver, kjem folk til meg og seier: «Liv dette må du skriva om i Varhaugbuen».

For ei tid tilbake fekk eg melding om ein stor hund (etter lorten å døma), hadde gjort frå seg i undergangen. Eg hadde ikkje høve til å sjå etter den dagen, men då eg gjorde det litt seinare var lorten vekke. Eg veit ikkje om det var denne som var i posen som hadde «bomma» litt på søppelkassen?

Det er kommunen sine folk som tek seg av reinhaldet i undergangen, men dei bør sleppa å ta seg av lorten.

Og så har me fått ein fin grøn plass - eit torg - midt i sentrum, med tre, busker og benker. Og her er det og ein del ungar som koser seg og leiker. Men kva skjer elles? Jau, det er nokre som har funne ut at her kan dei lufta hunden!

Dette er siste plassen eg har fått meldingar om hundalort i sentrum! Og det er jo ikkje slik hos oss som i «syden», at hundane berre går lause rundt om i gatene.

Nå må hunde-eigarane skjerpa seg!

Liv



UNGDOMSKLUBBANE I HÅ



Ungdomsklubbane i Hå har hatt eit aktivt og godt år, med klubbkveldar tre gonger i veka: i Lensmannsløa på Varhaug tysdagar kl 1400-2000, i Loen på Nærbø onsdagar kl 1400-2100 og på Ogn skule torsdagar kl 1400-2000. I snitt kjem det ca 80 ungdommar på Varhaug, 100-120 stk på Nærbø, og ca 55 på Ogn i veka.

Me har registrert nærare 400 unike ungdommar nå i haust, så det er veldig kjekt med stor oppslutning på klubbkveldane.

Nå i haust har me flytta delar av ungdomsklubben på onsdagane frå Loen til Lenmannsløa, fordi Kulturtorget held på å pussa opp kjøkkene der. Så i ca 8 veker er det kun gaming/biljard på loftet i Loen som er tilgjengeleg, og ingen matservering/kiosk, mens resten av klubben blir flytta til Lensmannsløa på onsdagane, då mellom kl 1500-2000.

På kvar klubbkveld serverer me gratis varm mat, og me har ungdommar frå arbeidslivsfag til god hjelp på kjøkkenet. Me er veldig heldige som bur i ein kommune som verkeleg satsar på ungdommane, og me får og dekkja ein del kostnader gjennom søknadar til Frifond.

Me har masse spel, gamingutstyr, og ungdommane kan spela sin eigen musikk på høgtalarar, spela poker, biljard eller airhockey, halde på med negler, perler, sminke og hår, eller laga slim, mellom anna. Me har hatt med ungdommane på skitur og på kino, og hatt besøk av Lise Myklebust, som har skrive eiga bok om ei vanskele ungdomstid, for å nemna noko. Og denne veka har me hatt fokus på forskning av brystkreft, og ungdommane laga rosa sløyfe armband/øyredobbar/smykker.

Noko av det me ser er viktig, er «drøs og vas» og at ungdommane (og me vaksne) blir kjende med andre, på tvers av bygdene. Me vaksne gler oss til å gå på jobb kvar dag, og kjenner oss heldige som får lov til å vera ilag med dei flott ungdommane me har.

Siri Hove

IMPONERANDE DET DEI FÅR TIL PÅ ELGANE-

Sikkert ikkje mange klubbar på Jæren som kan skryta av at dei er gjeldfrie, men det er dei i Elgane Motorsykkelklubb. Dei har 350 medlemer, og av desse er 300 aktive!

Det har vorte lagt ned eit utruleg dugnadsarbeid på anlegget opp gjennom åra. Det er eit ordtak som seier: «Ingen nemnt, ingen glemt». Men det trur eg rett og slett eg gløymmer her. Trur ikkje det går an å snakka om Elgane, utan at ein tek med Ommund Thu, styreleiaren. Sjølv om han ikkje har køyrt motorsykel sjølv, har han i mange år vore leiar og lagt ned mykje arbeid i klubben. Men Ommund vil ikkje ha for mykje skryt av seg sjølv, han seier dei er ein fin gjelg, som gjer mykje gildt og godt arbeid saman, til det beste for alle på Elgane.

Ommund seier at speedwaybanen er heilt «up to date, så den held i nokre år til. Så nå er det cross-banen, som skal få ei opp-gradering. Og det kan kanskje trengjast, for banen er snart 20 år.

Motorklubben er oppteken av alt skal vera skikkeleg, men etter 20 har det vorte endringar i ymse regelverk. Så då var det berre å gå i gang, så alt vert rett. Men dette kostar pengar, Ommund seier dei reknar med at opp-graderinga og utvidinga vil koma på 8 millionar.

Arbeidet som skal gjerast er mellom anna å utvida banen frå 6 til 8 meter, og då vert startgrinda og utvida. I tillegg vert det lagt til rette for flomlys på halve banen. Og så med det same dei er i gang med gravemaskinen, tek dei med seg noko nødvendig dreneringsarbeid. Planen er å verta ferdig med arbeidet i år, slik at massane får tid til å setja seg før neste sesong.

Når alt dette er gjort, vert Elgane det einaste anlegget i Europa med flomlys, der det går å køyra både speedway, ATV og motorcross på internasjonalt nivå. Då går det an for både Ommund og resten av gjengen på Elgane å vera stolte.

Sikkert ikkje mange som kjem på at ungar frå 5 års alder, kan koma her saman med føresette, få låna utstyr og køyra på banen.

Kanskje var dei einkvan som fekk «blod på tann» då dei fekk prøva seg på «banen» til Elgane under Varhaugmarken?

Varhaugbuen ynskjer Elgane lukke til både med arbeid og konkurransar. LIV



Vinnerlaget i Endurance 85 ccm fra venstre:
 Oliver Reiestad og Oscar Aniksdal fra Elgane Motorsykelklubb samt Alfred Sjøstrøm fra Stord motorsport klubb.

KARMØY MOTOCROSSKLUBB ARRANGERTE

ENDURANCE-LØP 2. NOVEMBER 2024

Karmøy motocrossklubb inviterte til Endurance-løp 2. november 2024 for 17 gang. Løpet blir kjørt på motorcross banen, bare motsatt vei, samt det er satt opp masse hindringer for å begrense farten. Det kan gjennomføres på tre måter:

- 85 ccm har 3 førere pr lag, de kjører til sammen i 2 timer, der de må bytte fører etter maks 10 runder.
- Samme for 125 ccm og oppover, de er også 3 stk pr lag, men de kjører i 4 timer.
- Dakar, der kjører hver enkel fører alene i 4 timer.

Vinneren er den personen, eller det laget som har kjørt flest runder på sin tilmålte tid.

Totalt stilte det 6 lag i 85ccm, 21 lag i 125 ccm og oppover, samt 9 Dakar-førere.

Det som er litt spesielt med dette løpet, er at alle som kommer på seierspallen, får hver sin flaske med Cider (selvsagt alkoholfri) som de åpner, og spruter på hverandre. Det skaper jo masse lått og løye!

Resultater for førere fra Elgane MX:

85 ccm, 1 plass: Team Highside med Oliver Reiestad og Oscar Aniksdal. 2 plass: Team fort moped med Isak Reinertsen. 4 plass: Thunder Sisters med Frida Salte

125 ccm og oppover, 1 plass: Team Klingsheim med Arve Gramstad og Magne Klingsheim. 14 plass: Søndagstur med Lars Joakim Nesvik og Even Salte, 18 plass: Team Hard Enduro med John Arild Nord-Varhaug, Terje Øgård og Øyvind Knutsen.

Dakar, Ingen deltagere fra Elgane MX.

GRAUDAFEST



PÅ LERBREKK skule

Torsdag 5. desember 2024 kl.18.30

Ordførar Andreas Bjorland blir med oss.

Servering av graut, lefsa, småkaker og kaffi

Inngangspengar - Utlodding og allsong

Hjarteleg vel møtt til ein triveleg kveld i Vennelaget!

Påmelding innan måndag

2. desember

Til Sigbjørn mobil: 970 53 731,

epost: astrid-varhaug@hotmail.com

eller Brit Obrestad

epost: britob@online.no



Helsing Styret



JULEVERKSTED

Det nærmer seg desember, jul og alt som hører med. Derfor gleder vi oss til å nok en gang kunne få lov å arrangere «Jul i bygda». I år vil vi ha to arrangement, juleverksted og Jul i Misjonskirken.

JULEVERKSTED

Årets juleverksted blir lørdag 7. desember på den gamle handelslagstomta. Det blir satt opp et stort telt hvor man kan gjøre forskjellige aktiviteter og lage forskjellige ting. I tillegg blir det grøtservering, klemetiner, pepperkaker og gløgg til alle. Juleverkstedet vil vare fra 12.00 til 15.00.

JUL I MISJONSKIRKEN

I år som i fjor vil vi invitere til en julegudstjeneste på Lennsmansløa. Årets Jul i Misjonskirken finner sted 22. desember klokken 11.00 og 13.00. Det vil være to gudstjenester som er helt like, så kom på den som passer best for deg. Det vil bli flott sang, en andakt, konkurranse og noe underholdning.

Velkommen skal dere være, både store og små. Vi Varhaug Misjonskirke gleder oss til desember og jul.



TRENG VI SENIORBUFELLESKAP PÅ VARHAUG?



I mange år har vi høyrte om det noko dystre uttrykket «eldrebølga», som beskriv at vi vil få ei overvekt av eldre innbyggjarar i Noreg. Vi ser den same utviklinga i Hå. I dag har vi 2767 Hå-buer som er over 65 år og i 2050 regner vi med å ha 5049 stk. Dette er ei stor endring i alderssamansetning, når vi også ser at fødselsoverskotet er synkande.

Korleis skal vi forbereda samfunnet på denne utviklinga? Spørsmålet har mange svar og eg skal ikkje gå djupt inn i dette no. Det som er viktig å få fram er at temaet må prege samfunnsutviklinga. Me må planlegga utviklinga i bygdene i Hå slik at det er tilrettelagt for at eldre skal ha god bukvalitet. Me må også leggja til rette for at eldre kan ta gode val for alderdomen.

Neste spørsmål blir dermed korleis vi skal leggja til rette for busituasjon ved alderdom. Mange ønsker å bu i einebustaden og tilpassa denne til alderdommen. Andre vil kjøpa seg inn i ei blokk i sentrum. Andre igjen ønsker seg eit senior-bufellesskap.

Senior-bufellesskap er eit konsept som er bygd på tanken om å ha nokre fellesareal. Ved å ha gode fellesareal kan kvar leilegheit være mindre. Fellesareala kan brukast til sosiale arrangement i kvardagen, men også leigast til selskap eller overnatting. Eit sosialt fellesareal vil for mange gjere det lettare å bu lengre i eigen bustad. Det vil også skapa trygghet i kvardagen for mange.

Seniorbufellesskap vil vere eit fint supplement til dei bukvalitetane me har på Varhaug i dag. Med ei sentral tomt i Varhaug sentrum trur eg at dette vil bli eit godt alternativ for mange Varhaug-buer.

Ordfører

ÅRSMØTE I VARHAUG BYGDEKVINNELAG



Torsdag 26. september var det årsmøte i Varhaug bygdekvinnelag i Lensmannsløa.

32 personar møtte.

Både årsmeldinga og reknskapet blei godkjent uten andre merknader at det viste god aktivitet i laget.

Valget var enkelt for det var bare behov for eit nytt varamedlem.

Styret ser nå slik ut:

Leiar: Astrid SKretting

Nestleiar: Judit H. Åmodt

Sekretær: Juliann Årdal Nesvik

Kasserar: Siri Skretting

Styremedlem: Margunn Skretting

Styremedlem: Gro Bratland

Varamedlem: Linda Viste Bø, Ingrid Reiestad og Wenke Hobberstad

Ingrid Haugstad Håland hadde helsing frå Rogaland bygdekvinnelag og Ragna Bjelland hadde foredrag med temaet «Påfyll i en travel hverdag». Då fekk vi vekka både lattermuskane og hjernen.

Som vanlig var det god mat og utlodning.



ÅRSMØTE VARHAUG BONDELAG

Varhaug Bondelag avholdt årsmøte onsdag 30. oktober med ca. 25 medlemmer som møtte opp. Me hadde god mat fra R. Skretting, kake, loddrekning og quiz. Ståle Hustoft, leder for Rogaland Bondelag kom og snakka om aktuelle saker blant anna dyrevelferdsmeldinga og gjødselbrukforskriften som skal komme før nyåret. Tilbakemelding fra Westco ang. plastinnsamlinga, der fleire må ha fokus på at plasten som leveres må være «riste-rein». Landbruksplast som ikke er ren nok, blir sortert som restavfall og 4H må da betale for dette. Det var også valg, der alle i styret tok gjenvallg.

Vil benytte anledningen til å minne om stormøte på Iden mandag 27. januar 2025.

MVH Styret

På bondelaget sitt årsmøte, tok heile styret attval, så der er ingen endring. Me tek her med namna på dei som skal styra laget i 2025:

Leiar Håkon Varhaug, nestleiar Grethe Marie Ånestad, sekretær Jan Ove Hobberstad, pr. Andreas Rødland, kasserar Arild Helland, 1. vara Anita Otto.



VARHAUG BYGDEKVINNELAG TUR TIL UNDER TØYET, EGRSUND



Vi var 11 stk som tok toget til Egersund for besøk hos Under tøyet. Først var vi på Biblioteket og hadde oss litt mat før vi gjekk til Under tøyet. Her ble vi møtt av en sprudlende dame som fortalte hvordan en BH skulle sitte på kroppen og om rett størrelse og gode stropper for akslene. Det vart og servert forfriskninger og twist. Damene fekk prøve flere forskjellige BHer og bikiner. Etter en vellykka kveld reiste alle fornøyd heim med nytt undertøy eller bikini i vesken.

Siri Skretting



For ei tid tilbake, skjedde det eit alvorleg uhell på Esso. Ein rullestolbrukar hamna i smørjegrava i verkstaden. Det var nok med eit uhell, så den nye sjefen Helge Skretting, så nå er opninga mura igjen, og det er trygt for alle. I staden er det kome nytt utstyr, som heiser bilen opp i lufta når dei skal gjera arbeid under den.

Så er det kome ny mann i verkstaden, Andreas Nord Varhaug, 25 år frå Varhaug, med fagbrev som bilmekanikar. (Son til Magnar og Norunn Marie). Gildt at dei unge får arbeid på arbeid på Varhaug, og slett å pendla.

Og alt etter kva arbeid som skal gjerast med bilen; så får ein nå god hjelp av Helge, Andreas eller Terje Hjelmen, om framleis er med. Liv

HALLOWEEN



Sidan det ikkje er så lenge sidan ungane, og kanskje me vaksne med, feira halloween, tek eg med dette.

I inngangen til Pizza-kafeen til Karvan sat det eit skjelett og ei skummel dame (heks) desse dagane. Me i Jærhatten har hatt styremøta hos Karvan, tidleg på dagen, før han opna skikkeleg. Og det er tydeleg at han har humoristisk sans, for då me skulle ha styremøte sist, flytta han denne skumle dama inn frå gangen, og plasserte den ved bordet der me skulle vera. Fleire stokk til, då dei kom inn, og såg ho, men da lo Karvan og sa: «nå har eg skaffa dykk ein ny medlem»

Vel er Jærhatten på jakt etter nye medlemmer, men me ynskjer dei litt yngre enn denne dama hos Karvan.

Liv

STOFF-FRIST

Stoff frist for neste blad er

14. februar 2025

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller leggja det i postkassa til Liv.

LOKALE I SENTRUM TIL LEIGE

Bygdahuset har ledig lokale på 100 m².

Ta kontakt med Finn Mæland.
916 73 869 for meir info.



La oss bli din nye IT totalleverandør!



Vi bygger stasjonære PC-er for alle typer formål



altibox

.... BEDRIFT

ice

Microsoft 365

Datahjelpen.IT as

www.datahjelpen.it

Tlf: 51485000

Vi hjelper bedrifter og private kunder!



**Bonde
Kompaniet**

Varhaug

Eik tresko

Uten vernetå **899,-**

Med vernetå **999,-**



FK-hettejakke

Unisex



599,-

FK-genser

Unisex



499,-

Nyhet!

Rjukan Ullsett

Herre og dame



899,-



Felleskjøpet

Rogaland Agder — siden 1899

Velkommen til BondeKompaniet Varhaug
Åpent 8-17 (9-14)

Forbehold om trykkfeil og utsolgt

bondekompaniet.no